

JORAMO BYGDEALMENNING

ÅRSMELDING FOR 2013

ADMINISTRASJON

Styre:

| | |
|--------------------------------------|----------------------|
| <i>Tor Ivar Hovhaugholen - leiar</i> | <i>(2010 – 2014)</i> |
| <i>Birger Brækken – nestleiar</i> | <i>(2010 – 2014)</i> |
| <i>Eva Marit Nordlie</i> | <i>(2010 – 2014)</i> |
| <i>Egil Killi</i> | <i>(2012 – 2016)</i> |
| <i>Øivind Groven</i> | <i>(2012 – 2016)</i> |
| <i>Irene Amundgård</i> | <i>(2012 – 2016)</i> |

Varamedlemer 2010 – 2014:

- 1. Dag Siljehaug*
- 2. Tor Bøe*
- 3. Pål-Lasse Torstad*

Varamedlemer 2012 -2016:

- 1. Tore Amundgård*
- 2. Morten Hovhaugholen*
- 3. Brit Elin Gråberg*

Valkomite:

Bjørn Ødegård
Reidar Brækken
Ellen Sørungård Syse

Dovre elgutval:

Tor Ivar Hovhaugholen

Jorkvitlan grunneigarlag:

Tor Ivar Hovhaugholen

Revisor:

Ola Jakob Myhre, PricewaterhouseCoopers AS Lillehammer

Kontor:

Narve Tveiten (40% stilling - ålmenningsstyrar)

Det er halde 7 styremøte og 40 saker er behandla. I samband med styremøte i juni var styret på befaring på Grønsetre for mellom anna å finne eigna plass for parkering ved setrane. Parkeringsplassen vart stelt i stand i haust. Årsmøte vart halde på Joramo Næringstun 10. april med 5 styremedlemer og styrar til stades.

SPESIELLE STYRESAKER I 2013

Grønbogen Fjelltak

Etter godkjent detaljreguleringsplan er planlagt uttaksområde er på 40 dekar medrekna arealet der masse allereie er utteke. Planlagt uttak for året er berekna til mellom 10.000 m³ og 20.000 m³ per år. Dette tilsvarar ein til to sprengningar for året. Sprengt fjell vil for det meste bli knust i taket. Planlagt uttaksvolum vil medføre ca 6000 turar inn og ut med lastebil for året.,

dvs 26 turar i gjennomsnitt per arbeidsdag. Med så stor aktivitet, vil det vera behov for opprusting av delar av adkomstveg. Entreprenør har planar om breidding av Brannvegen, og utbetring av Setervegen spesielt på strekningen mellom avkøyring til Grønbogen og planovergangen på Andre lina.

Vegavtale med Korsvoll Maskin

Det er inngått ny avtale mellom Korsvoll Maskin (KM) og Joramo bygdealmening (JB) om bruk og vedlikehald av skogsbilvegar i ålmenninga. Avtala gjeld bruk og vedlikehald av Gardsendvegen frå bommen og opp til Turrhaugen, Brannvegen Nord og eventuelt ny bilveg mellom Gardsendvegen og tidlegare Grønbogen Pukkverk. KM får rett til bruk av vegane i samband med drift av Grønbogen Fjelltak og er ansvarleg for vedlikehald av vegane. Gardsendvegen skal til ei kvar tid halde krava til vegklasse 3 etter "Normaler for landbruksveier". JB yter tilskot til vedlikehald av Gardsendvegen med JB sin del (50%) av overskot frå bomkasse. KM får løyve til brøyting og grusstrøing av vegane etter behov. Kostnadane med dette er JB uvedkomande.

Utvisning av tilleggsjord

Styret har innvilga søknad frå Ole Dagfinn Brenna om leige av ca 20 da tilleggsjord i Brennhaugen. Naboskap til ålmenninga var avgjerande for innvilging av søknaden. Leigeprisen er sett til kr 100,- per da.

BRUKSRETT

Pr. 31.12.2013 var det 111 bruk i Lesja og 49 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmening, i alt 160 bruk. Det er inga endring i høve til 2012.

Det er utbetalt kr 157.504 i *bruksrettsytingar* og kr 35.667 i *tilskot* til bruksrettshavarar, totalt kr 193.171. Det er noko mindre enn det ein hadde budsjettert med.

Det er *utvist ved* på rot til 17 bruksrettshavarar - volum ca 60 m³.

Oversyn over *beitebruk* (fjorårstal i parentes):

1867(1940) søyer og lam har gått på beite i ålmenninga. 47(63) søyer og 126 (221) lam gjekk tapt. Av det totale tapet utgjer 13 søyer og 29 lam togpåkjørslar. Eitt lam vart påkjørt av bil. I tillegg vart det sleppt 148(173) storfe.

SKOGENS DRIFT

Skogkultur

Det er *planta* på ca 60 da på to plassar; hogstfelt frå 2007 i Nedre Stålan og hogstfelt frå 2009 ovanfor Snøhetta Næringspark(Ammunisjonslageret).

Eit felt på ca 20 i Brennhaugen er *avstandsregulert*. Dette er same arealet som seinare er vedteke omdisponert til tilleggsjord til Brenna.

Ovanfor Svenskebakken er det utført *markberøing* på hogstfelt frå 2012.
Skogsdrifter sesongen 2012/-13.

Det har ikkje vorte utført skogsdrift i ålmenninga i sesongen 2012/-13. Balansekvantum etter skogbruksplanen er 1.280 m³ for året. For å oppnå bonus(storleverandørtilllegg) på kr 10,- per m³, må det leverast minst 1.500 m³ tømmer i løpet av kalenderåret, altså ein del over balansekvantumet. For å unngå for stort uttak i høve til plan med årleg hogstkvantum på minst 1.500 m³, må ein difor ha hogststopp om lag kvart femte år.

JAKT

Elg- og hjortjakt

Hjortjakt Lag: *Øyvind Holen*
 Kvote: 1 fritt dyr og 1 eldre dyr
 Felling: Ingen

Nytt av året var at hjortjakta starta før elgjakta, slik at fyrste periode var 10.09. – 22.09. Andre periode etter elgjakta 01.11. -15.11. Elgjaktlaga kunne jakte på ledige dyr på kvota etter fyrste periode.

Fjellfeltet Lag: *Inge Birger Groven*
 Kvote elg: 1 eldre ukse, 1 eldre kolle og 1 kalv/ungdyr
 Felling elg: 1 vaksen ukse (252,5 kg) og 2 vaksne koller (152 kg -148,5 kg)
 Felling hjort: Ingen

Skogfeltet Lag: *Arild Rolstad*
 Kvote elg: 1 yngre ukse og 2 kalv/ungdyr
 Felling elg: 2 vaksne uksar (163,5 kg – 150 kg) og 1 ungdyr kolle (135 kg)
 Felling hjort: Ingen

Småviltjakt

Oversyn over kortsal:

| Korttype: | Prisar (u.b./i.b./br.r.) | Utanbygds: | Innanbygds: | Bruksrett: |
|------------------------------------|-------------------------------------|-------------------|--------------------|-------------------|
| Sesongkort med hund (rupe+hare) | 1000/500/0 | 15 + 7 | 9 | 2 |
| Sesongkort utan hund | 990/490/0 | 7 | 2 | |
| 3-dagars kort med hund | 600/---/--- | 3 | | |
| 3-dagars kort utan hund | 590/---/--- | | | |

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal for 2012 i parentes).

Hare: 6 (6) stk. på 57 (40) jakt dagar fordelt på 6 (6) jegerar.

Rupe: 43 (63) stk på 84 (132) jakt dagar fordelt på 23 (22) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane.

Hare: Dårleg/medels

Rupe: Medels

Taksering/oppsyn:

Jo Halgunset utførte rupetaksering i august. Takseringa viste ein markert oppgang frå året før, men bestanden er framleis liten. Det vart bestemt å ha same fangstgrense som i 2012; 1 rupe per dag / 5 ruper per sesong. Styrar gjekk tre turar jaktoppsyn i perioden 15. – 22. september. Melding om ureglementær jakt frå ein bruksrettshavar som jakta ved Langranden, førte til utestenging av jaktlaget dette galdt. Det var og ein episode ved Nysetre før hundjaktperioden der jegerar på tur inn til Dovrefjell statsalmenning sleppte hundar før dei var ute av bygdeålmenninga. Fjelloppsyn frå Dovre fjellstyre vart varsla om dette, og møtte jegerane på tur nedatt. Jegerane hevda dei ikkje hadde sleppt hundane før dei var på rett side av grensa, og fjelloppsynet hadde ikkje gode nok bevis for melde jegerane for ulovleg jakt.

Reinsjakt

Snøhetta:

Kvote: 4 frie dyr, 2 kluftbuk, 10 simle/ungdyr og 9 kalvar.
Felling: 3 eldre bukkar, 2 halvannaårige bukk, 3 eldre simler, 1 halvannaårig simle og 2 kalvar (fellingsprosent=48)

Rondane nord:

Rondane Nord var freda for jakt i 2013.

Rådyrjakt

Lagjakt felt 1 (sør for Raumabanen): *Bjørn Svendsgard*
" " 2 (nord for Raumabanen): *Erland Løkken*
Kvote: 5 dyr
Felling: 2 vaksne geit og 1 bukkekilling

Rovdyrjakt

Laget til *Gunnar Holum* fekk løyve til å jakte gaupe i ålmenninga under kvotejaka.

UTLEIGE AV NÆRINGSBYGG

Leigetakarar pr. 31.12.2013:

Sykehuset Innlandet

Ambulansestasjon

Norsk Landbruksrådgivning

Gudbrandsdalen:

Leif Martin Svisdal - rådgjevar

Q-meieriene:

Valeria Khvalynskaya – produksjonsveileder

ØKONOMI

Rekneskapen for 2013 syner eit overskot på kr 276.538. Det som har påverka resultatet mest er:

- + Innvilga naturskadeerstatning etter pinseflommen i 2011 kr 100.658
- + Overskot ved utleige av næringsbygg, garasje og uthus kr 121.415
- + Sal av grus- og fjellmasser, netto kr 179.474
- Inga tømmerdrift, netto ved hogst av balansekvantum ca kr 200.00

Pr. 31.12.13 var innestående beløp i bank og kasse kr 785.617 (opp kr 113.078).

Betalbar kortsiktig gjeld er kr 125.283 (ned kr 139.405).

Kortsiktige krav er kr 163.719 (opp kr 15.981).

Joramo Næringstun, 11. mars 2014

Tor Ivar Hovhaugholen

leiar

Birger Brækken

nesteleiar

Dag Siljehaug

vara for Eva M. Nordlie

Øivind Groven

Egil Killi

Irene Amundgård

Narve Tveiten

styrar